



## STORTINGET

# Innst. 125 S

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget  
frå familie- og kulturkomiteen

Prop. 17 S (2022–2023)

---

**Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om  
Endringar i statsbudsjettet 2022 under Barne- og  
familiedepartementet**

---

Til Stortinget

## 1. Samandrag

### 1.1 Innleiing

I proposisjonen legg Barne- og familieldepertementet (BFD) fram endringsforslag til statsbudsjettet for 2022.

### 1.2 Endringsforslag

#### KAP. 840 TILTAK MOT VALD OG OVERGREP

**Post 61 Tilskot til incest- og valdtektsenter, overslagsløyving**

Løyvinga dekkjer tilskot til senter mot incest og sekuelle overgrep. Den samla løyvinga på posten er 112,6 mill. kroner i 2022. Finansieringa er delt mellom stat og kommune, og ei tildeling av statleg tilskot føreset ei lokal finansiering på minst 20 pst. av driftsutgiftene. Staten dekkjer inntil 80 pst. Departementet fastset årleg ei ramme for auking av tilskotet, og denne er i 2022 fastsett til 7,3 pst. Fleire av sentra har ikkje samla tilstrekkeleg lokal finansiering til at dei kan tildelast eit statstilskot med ein vekst på 7,3 pst. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 840 post 61 med 1,5 mill. kroner.

#### KAP. 841 SAMLIV OG KONFLIKTLØYSING

**Post 23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, overslagsløyving**

Prognosene for talet på DNA-analysar til fastsetjing av farskap er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 841 post 23 med 0,8 mill. kroner.

#### KAP. 844 KONTANTSTØTTE

**Post 70 Tilskot, overslagsløyving**

Talet på mottakarar av kontantstøtte har vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2022 blir no rekna til 1 170 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 844 post 70 med 150 mill. kroner.

#### KAP. 845 BARNETRYGD

**Post 70 Tilskot, overslagsløyving**

Talet på mottakarar av barnetrygd har vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2022 blir no rekna til 18 110 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 845 post 70 med 100 mill. kroner.

#### KAP. 846 FAMILIE- OG OPPVEKSTTILTAK

**Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 61, post 62 og post 71**

Løyvinga blir mellom anna nytta til arbeid med prøveprosjekt for fritidskortordninga. Det har vore mindre behov for midlar til oppfølging av kommunane og følgjeevaluering enn tidlegare rekna. Bufdir reknar eit mindrebehov i 2022 på 4,8 mill. kroner.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 846 post 21 med 4,8 mill. kroner.

#### **Post 61 Tilskot til å inkludere barn og unge, kan nyttast under post 71**

BFD føreslår ei auka løyving på 8 mill. kroner som blir delt likt mellom Frelsesarmeens, Blå Kors, Røde Kors og Kirkens Bymisjon. Med auka støtte kan desse organisasjonane nå ut til fleire og auke kvaliteten på den hjelppa som kvar einskild får. Målgruppa for den ekstra støtta er vanskelegstilte grupper, men det er ei forventning om at hovuddelen av midlane går til tiltak retta mot barnefamiliar eller barn og unge.

BFD føreslår ein auka i løyvinga under kap. 846 post 61 på 8 mill. kroner.

#### **Post 79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid m.m., kan overførast**

På grunn av pandemien fekk ikkje Barentssekreteriatet brukt opp alle midlane i 2021. Restmidlane blei overførte frå 2021 til 2022, og tilskotet til Barentssekreteriatet i 2022 er derfor avkorta med tilsvarande sum.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 846 post 79 med 1,1 mill. kroner.

### **KAP. 854 TILTAK I BARNE- OG UNGDOMSVERNET**

#### **Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Det er løyvd midler på posten til utvikling av faglege verktøy på fosterheimsområdet i 2022. Det er venta eit mindreforbruk på 2 mill. kroner til dette arbeidet, som kjem av at delar av aktivitetane i prosjektet vart utførte i 2021.

BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 854 post 21 med 2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på skjønstillskotet til kommunar over kap. 571 post 64 til ei eingongsutbetaling til Lavangen kommune grunna eks-traordinære utgifter til barnevernstiltak og opplæring.

#### **Post 22 Barnesakkunnig kommisjon**

Løyvinga på kap. 854 post 22 dekkjer drift av Barnesakkunnig kommisjon. Løyvinga vart auka i 2022 som følgje av at mandatet til kommisjonen frå 15. august vart utvida til å omfatte vurdering av sakkunnigrapportar i foreldretvistsaker. Det er venta eit mindreforbruk på posten som følgje av eit lågare tal på foreldretvistsaker enn lagt til grunn i vedtatt budsjett.

BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 854 post 22 med 3 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på skjønstillskotet til kommunar over kap. 571 post 64 til ei eingongsutbetaling til Lavangen kommune grunna eks-traordinære utgifter til barnevernstiltak og opplæring.

### **KAP. 855 STATLEG FORVALTNING AV BARNEVERNET**

#### **Post 1 Driftsutgifter, kan nyttas under post 22 og post 60**

Basert på ny informasjon om aktivitetsutviklinga i det statlege barnevernet i 2022 er det venta ein aktivitetsnedgang i bruken av statlege barnevernstiltak i 2022 samanlikna med det som er lagt til grunn i vedtatt budsjett. BFD føreslår derfor å redusere kap. 855 post 1 med 125 mill. kroner.

#### **Post 22 Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 1**

Løyvinga på posten dekkjer kjøp av private barnevernstiltak. Som følgje av oppdaterte tal på aktiviteten i det statlege barnevernet i 2022, jf. omtale under kap. 855 post 1, føreslår BFD å redusere løyvinga på posten med 10 mill. kroner.

### **KAP. 3855 STATLEG FORVALTNING AV BARNEVERNET**

#### **Post 1 Diverse inntekter**

Inntektene på posten er i hovudsak tilfeldige inntekter, til dømes inntekter frå sal av driftsmiddel og kursinntekter. Sal av køyretøy har gitt meirinntekter på 5,4 mill. kroner i 2022.

BFD føreslår å auke kap. 3855 post 1 med 5,4 mill. kroner.

#### **Post 2 Barnetrygd**

Inntektene på posten er barnetrygd for barn under omsorg av barnevernet. Inntektene ligg per no for høgt i forhold til talet på barn som er under barnevernet si omsorg. Inntektene er venta til å bli 2,2 mill. kroner lågare enn lagt til grunn for løyvinga.

BFD føreslår å redusere kap. 3855 post 2 med 2,2 mill. kroner.

#### **Post 60 Kommunale eigendalar**

Inntektene på posten kjem frå kommunale eigendalar for tiltak i det statlege barnevernet. Aktiviteten i det statlege barnevernet har i 2022 vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Eit lågare tal på opphaltsdagar gir reduserte inntekter. BFD føreslår derfor å redusere kap. 3855 post 60 med 260 mill. kroner. Sjå òg omtale under kap. 855 postane 1 og 22.

### **KAP. 856 BARNEVERNETS OMSORGSSENTER FOR EINSLEGE, MINDREÅRIGE ASYLSØKJARAR**

Løyvinga i saldert budsjett la til rette for å dekkje drift av 50 plassar i 2022. Løyvinga vart auka med 150 mill. kroner i samband med situasjonen i Ukraina, jf. Prop. 78 S (2021–2022). Talet på innkomstar frå Ukraina

har vore lågare enn det som vart lagt til grunn i Prop. 78 S (2021–2022).

BFD føreslår å redusere kap. 856 post 1 med 88,5 mill. kroner.

## **KAP. 3856 BARNEVERNETS OMSORGSSENTER FOR EINSLEGE, MINDREÅRIGE ASYLSØKJARAR**

### **Post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter**

På grunn av mindreforbruk på kap. 856 blir også tilsvarende refusjon av ODA-godkjende utgifter redusert. Det er berre barn som har opphaldstid på eit år eller mindre, som gir refusjon.

BFD føreslår å redusere kap. 3856 post 4 med 95,6 mill. kroner.

## **KAP. 881 TILSKOT TIL TRUSSAMFUNN M.M.**

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Av løyvinga er 0,5 mill. kroner nytta til tilskot til Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (STL) til eit prosjekt for dialog mellom trus- og livssynssamfunn, organisasjonar frå LHBT+-miljøet i Noreg og organisasjonar for skeive religiøse. BFD føreslår å redusere kap. 881 post 21 med 0,5 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 881 post 78 Ymse faste tiltak for å sikre korrekt postbruk.

### **Post 78 Ymse faste tiltak**

BFD føreslår å auke kap. 881 post 78 med 0,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 881, post 21 for å sikre korrekt postbruk, sjå omtale under den posten.

BFD føreslår å tildele 4 mill. kroner til Den norske kirke, 1,75 mill. kroner til Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn, 0,75 mill. kroner til Muslimsk Dialognettverk og 0,5 mill. kroner til Norges Kristne Råd. Paraplyorganisasjonene kan fordele vidare til sine medlemsorganisasjonar. Midla skal nyttast til arrangement i juletida, utdeling av matposar til familiar og til julegåver til barn.

BFD føreslår ein samla auke i løyvinga under kap. 881 post 78 på 7,5 mill. kroner.

## **KAP. 882 KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR**

### **Post 60 Rentekompensasjon – kyrkjebrygg, kan overførast**

Løyvinga på posten skal dekkje beløp tilsvarende renteutgiftene for dei investeringeskostnadene som det er gitt tilsegn om kompensasjon for i perioden 2005–2019. Oppdatert overslag for rentenivået i ordninga viser at utbetalinga av rentekompensasjon for 2022 vil bli på om lag 22 mill. kroner.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga med 19,1 mill. kroner.

## **Post 70 Tilskot til sentrale tiltak for kyrkjebrygg og gravplassar**

Løyvinga på posten går mellom anna til tilskot til KA Arbeidsgivarorganisasjon for kyrkjeloge verksemder til oppgåver på kyrkjebrygg- og gravplassfeltet. Innanfor gjeldande løyving på posten føreslår BFD å auke tildelinga til KA med 0,4 mill. kroner til eit statistikkprosjekt på gravplassområdet.

## **KAP. 2530 FORELDREPENGAR**

### **Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving**

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2022 blir no rekna til 23 290 mill. kroner. Dette er 100 mill. kroner lågare enn gjeldande budsjett. Reduksjonen kjem i hovudsak av at færre foreldre enn tidlegare er venta å få foreldrepengar, mellom anna på grunn av færre fødslar. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530 post 70 med 100 mill. kroner.

### **Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving**

Utgiftene til eingongsstønad ved fødsel og adopsjon i 2022 blir no rekna til 750 mill. kroner. Dette er 50 mill. kroner lågare enn i gjeldande budsjett. Reduksjonen kjem av færre mottakarar enn tidlegare venta. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530 post 71 med 50 mill. kroner.

### **Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving**

Anslaget for foreldrepengar året før og kor stor del av dette som blir utbetalt som feriepengar, er høgare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2022 blir no rekna til 600 mill. kroner. BFD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530 post 72 med 30 mill. kroner.

### **Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving**

Talet på mottakarar av foreldrepengar ved adopsjon har vore noko høgare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2022 blir no rekna til 42 mill. kroner. BFD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530 post 73 med 4 mill. kroner.

## **2. Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene fra Arbeidarpartiet, Åse Kristin Ask Bakke, Ragnhild Male Hartviksen og Marte Eide Klovning, frå Høgre, Turid Kristensen og Tage Pettersen, frå Senterpartiet, Margrethe Haarr og Åslaug Sem-Jacobsen, frå Framstegspartiet

tiet, Silje Hjemdal, frå Sosialistisk Venstreparti, Audun Hammer Hovda, og frå Venstre, leiaren Grunde Almeland, støttar forslaget frå regjeringa.

## Kap 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

### Post 61 TILSKOT TIL Å INKLUDERE BARN OG UNGE

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialis-

tisk Venstreparti, viser til at økende priser påvirker hverdagen til oss alle, og særleg til de som har minst. I en krevende tid for mange mener flertallet det er viktig å styrke organisasjonene som gir hjelpe til sårbarer grupper, slik at de kan nå ut til enda flere.

## 3. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av ein samla komité.

Komiteen har ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2022 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
840	61	Tiltak mot vald og overgrep: Tilskot til incest- og valdtektscenter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 112 645 000 til kr 111 145 000	1 500 000
841	23	Samliv og konfliktløysing: Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 5 463 000 til kr 4 690 000	773 000
844	70	Kontantstøtte: Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 1 320 000 000 til kr 1 170 000 000	150 000 000
845	70	Barnetrygd: Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 18 210 000 000 til kr 18 110 000 000	100 000 000
846	21	Familie- og oppveksttiltak: Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 61, post 62 og post 71</i> , blir redusert med..... frå kr 34 816 000 til kr 30 016 000	4 800 000
	61	Tilskot til inkludering av barn og unge, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir auka med..... frå kr 607 489 000 til kr 615 489 000	8 000 000
	79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 10 980 000 til kr 9 917 000	1 063 000
854	21	Tiltak i barne- og ungdomsvernet: Spesielle driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 51 920 000 til kr 49 920 000	2 000 000

<b>Kap.</b>	<b>Post</b>	<b>Formål</b>	<b>Kroner</b>
	22	Barneskunnig kommisjon, blir redusert med..... frå kr 11 172 000 til kr 8 172 000	3 000 000
855		Statleg forvalting av barnevernet: 1 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i> , blir redusert med..... frå kr 4 220 184 000 til kr 4 095 184 000	125 000 000
	22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 1</i> , blir redusert med..... frå kr 2 833 492 000 til kr 2 823 492 000	10 000 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar: 1 Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 275 361 000 til kr 186 861 000	88 500 000
881		Tilskot til trussamfunn m.m.: 21 Spesielle driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 9 024 000 til kr 8 534 000	490 000
	78	Ymse faste tiltak, blir auka med .....	7 490 000
		frå kr 25 276 000 til kr 32 766 000	
882		Kyrkjebrygg og gravplassar: 60 Rentekompensasjon – kyrkjebrygg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 41 111 000 til kr 22 000 000	19 111 000
2530		Foreldrepengar: 70 Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 23 390 000 000 til kr 23 290 000 000	100 000 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 800 000 000 til kr 750 000 000	50 000 000
	72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 570 000 000 til kr 600 000 000	30 000 000
	73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 38 000 000 til kr 42 000 000	4 000 000
		<b>Inntekter</b>	
3855		Statleg forvalting av barnevernet: 1 Diverse inntekter, blir auka med..... frå kr 3 293 000 til kr 8 693 000	5 400 000
	2	Barnetrygd, blir redusert med..... frå kr 3 959 000 til kr 1 759 000	2 200 000
	60	Kommunale eigendalar, blir redusert med..... frå kr 2 274 087 000 til kr 2 014 087 000	260 000 000
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjarar: 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 265 826 000 til kr 170 226 000	95 600 000

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 9. desember 2022

**Grunde Almland**

leiar og ordførar





